



SMÅTT: Kent Torp menstra med den grønmaste minien i Vik.

Diggar engelsk kultbil

■■■ Minitreff på smale vegar

■■■ Produsert frå '59 til 2000

VIK: Mini kan vera stor lidenskap.

– Det rista følt på 165 km/t, seier Kent Torp om minien som fekk køyrt seg i gjennom Tyskland sist sommar.

Turtalsteljaren syntte at det var meir fart å henta. Kanskje 200 km/t.

– Eg tok ikkje sjansen.

630 kilo og 92 HK

1974-modellen har eit motorvolum på 1.330 kubikkcentimeter som yter 92 hestekrefter, vekta er 630 kilo og den er ombygd til asfaltreising og er difor utstyrt med to bensintankar.

– Biltypen vann mange løp i England, seier Torp som sist helg rulla rundt på 10 tomars felgar med breie dekk – på smale vegar i Sogn.

Vik var arenaen for Bergen miniclub sitt treff, arrangert annakvart år.

– Me er 30 medlemer, på



SJANSELAUS: Cooper er det nærmeste ein kjem Mini Morris, men den får aldri vera med i Bergen miniclub.



16 I TALET: Terje Fanebust eig den fremste bilen, den vart solt som ny i Sverige, i 1966.

dette treffet er me 16 bilar, alle klassiske. Nymotens Cooper vil aldri få plass i klubben vår, seier Terje Fanebust, formann sidan 2002.

Slutt i 2000

British motor cooperation

lanserte biltypen som Austin Mini og Morris Mini i 1959, til slutt blei han laga som Rover Mini fram til 4. oktober 2000 klokka 10.

– Då vart det slutt på produksjonen i Birmingham, seier Fanebust.

Biltur til Fridtjov på Vangnes og til landhandelen på Nese i Arnafjorden var med på programmet sist helg.

– Kva skuldast lidenskapen til minien?

– Den er ein kultbil og miljøet rund typen er veldig bra. Og

den er gøy å kryra. Dessutan er mange av oss interesserte i engelske bilar generelt, seier Terje Fanebust.

Gunnar Kleven

gunnarkleven@sognavis.no